

Lekseplan 1. trinn

Tema: Tilvenning, familie.

Veke:35

Namn :



Mål for veka		Eigavurdering		
		Kan godt	Kan noko	Kan litt
Norsk	Lære bokstaven B. Lære skrivemåte, lyd og namn på stor og liten bokstav.			
Matem.	Lære 2-talet.			
Sanami	Lære trafikkreglar. Lære ulike bærslag.			
RLE	Lære måtar å vere høflege, lære klasse-reglar.			
Engelsk	Lære namn dei mest kjende bæra.			

<p><u>Til tysdag :</u></p> <p><input type="checkbox"/> Lese :</p> <p><input type="checkbox"/> Norsk : Farg ferdig arket med bokstaven I.</p> <p><input type="checkbox"/> Matte :</p>	<p><u>Til onsdag :</u></p> <p><input type="checkbox"/> Lese :</p> <p><input type="checkbox"/> Norsk :</p> <p><input type="checkbox"/> Matte : Gjer s.5 i Abakus oppgåvebok</p>
<p><u>Til torsdag :</u></p> <p><input type="checkbox"/> RLE: Gjer s 12 i VIVO arbeids boka.</p> <p><input type="checkbox"/> Norsk :</p> <p><input type="checkbox"/> Matte :</p>	<p><u>Til fredag :</u></p> <p><input type="checkbox"/> Lese :</p> <p><input type="checkbox"/> Norsk : Gjer ferdig verkstadboka.</p> <p><input type="checkbox"/> Matte :</p>

Foreldrehjørnet

Referat: (frå veke 34)

Vi har lært bokstaven B. Elevane byrjar tidleg å verte nysgjerrige på dei småbokstavane, ser etter dei eldre elevane og liknande. For at dei ikkje skal lære feil skrivemåte, tek vi med dei små bokstavane frå starten. Dette er ekstra motiverande for dei som alt kan dei store bokstavane, ha noko å strekke seg etter. Dei imponerte meg, då dei skulle finne ord på B, det var ikkje få forslag. Dei er flinke til å skrive bokstavar på linjene. I det heile mykje godt arbeid.

Vi har jobba med 1-talet. Lært skrivemåte og mengd, ikkje så store utfordringar her. Vi øvde på å bruke tellestrek då dei jobba med mengder. Det var lurt å krysse ut det ein alt hadde telt.

Vi har jobba med temaet meg sjølv, her laga dei ei bok om seg sjølv. Vi har og snakka mykje om at alle er unike. Unik vart eit nytt ord.

Når vi lærar om B, må utedagen handle om blåbær. Dei samarbeidde om å plukke nok bær til å lage sylte. Når ein har sylte, må ein ha noko å ha ho til, dermed var dei raskt i gong med å lage vaffelrøre. Etter smattelydane å dømme var dei vel nøgde. Vi budde oss mot flott så godt vi kunne, fullregndress, godt knappa og surra. Det kan likevel vere lurt å skjekke ungane for flott etter kvar utedag.

Beskjedar :

Torsdag vert det verkstad. Vi jobber med eit tema i aldersblanda grupper (1.-4.klasse). Denne gong er temaet eventyr. Dei skriv om opplevinga i verkstadbøkene, det vert lekse å gjere desse ferdig.

Tlf skulen : 70214470 Mobil:47334632

E-post : grethe.flem.ulla@haram.kommune.no

Heimesida til skulen : <http://gs.haram.kommune.no/s21/>

Aktivitetar:

Tysdag: Gymnastikk
gymsko
Torsdag: Verkstad
Tema:eventyr.

Vekeslutt

Dette var kjekt denne veka :

Dette har eg lært :



Dette kan eg øve meir på:

Frå Grethe :